



**Ei lita analyse av flyttestraumen til og frå Tokke kommune i perioden 2005 -2007.**

**Av  
Skogbrukssjef Sverre Bakke**

**Desember 2008**



## Innleiing.

Gjennom åra eg har eg sett at media er svært interessert i folketalsutviklinga i kommunane. Ein har eit stort oppslag kvart kvarttal med kommentarar frå ordførarar på oppgang eller nedgang med 2 eller 4 personar.

Dette har gjort at eg har interessert meg litt for kva som ligg bak desse tala og om vi i kommunen kan gjera noko.

Eg tok difor kontakt med Folkeregisteret og søkte om å få gjera ei undersøking av alle personar som har flytta ut og inn i Tokke kommune dei siste 3 åra - 2005, 2006 og 2007.

Etter ein del fram og tilbake fekk eg ei grei og oversiktleg liste over desse personane. Eg har ikkje noko erfaring i å laga spørjeundersøkingar så spørsmålarket mitt var kanskje for enkelt.

Eg spurde om følgjande :

- **Kva var dei avgjerande faktorane i den avgjersla du tok om flytting**
- **Kunne Tokke kommune ha gjort noko for å påvirke avgjersla**
- **Var det noko Tokke kommune gjorde/ikkje gjorde som påverka avgjersla**

Eg sende ut 128 brev til personar/familiar som hadde flytta ut og 83 brev til personar og familiar som hadde flytta til Tokke kommune i desse åra.

29 av dei utflytta svara og faktisk det same, 29 innflytte svara.

Eg har prøva og gjort ei analyse av listene frå Folkeregisteret og svara, for å sjå om det er noko Tokke kommune kan taka lærdom av og eventuelt gjera tiltak mot slik at folk ikkje reiser frå kommunen og slik at vi er attraktive når folk luktar på om dei skal flytte til Tokke.

Mogleg er materialet mitt lite og at tilfeldighetar kjem fram, men det får ein bare taka med på kjøpet.





## Kor flytter folk til, når dei reiser frå Tokke ?

Undersøkinga mi konkludera med følgjande:

1. Vinje	15 %
2. Oslo	14 %
3. Grenland	13 %
4. Vestlandet	9 %
5. Midt- Telemark	8 %
6. Østlandet rundt Oslo	7 %
7. Agder	6 %
7. Nord-Noreg	6 %
9. Kviteseid	5 %
10. Vestfold	4 %
10. Vestmar	3 %
12. Seljord	2 %
12. Notodden	2 %
12. Buskerud	2 %
12. Trøndelag	2 %
16. Møre	1 %
16. Nissedal og Fyresdal	1 %

Intern flytting i Vest-Telemark 23 %

- 53 personar flytte ut av Tokke til nabo kommunar på 3 år .



## Kor flyter folk frå, i Tokke

	Totalt over 3 år	gj. snitt pr. år
1. Dalen	117 personar	39
2. Høydalsmo	34	11
3. Lårdal	20	6
3. Skafså	20	6
5. Mo/Byrte	15	3
6. Austheii	10	3
7. Eidsborg	9	3
8. Åmdals Verk	8	2

\*desse tala er noko usikre då vi ikkje har adressa der dei kom frå i Tokke.

- Vi ser at heile familiar flytter . Det har stor verknad.
- Mykje ungdom frå grendene som melder flytting når dei kjem i 20-åra.
- 32 born i barnehage- skulealder.



## Kor flyter folk til, i Tokke

	Totalt over 3 år	gj. snitt pr. år
1. Dalen	64	21
2. Lårdal	26	8
3. Høydalsmo	21	7
4. Skafså	18	6
5. Åmdals Verk	12	4
6. Austheii	11	3
7. Mo	6	2
8. Byrte	0	

- Det er mange fødd i 60-åra som flytter inn
- 29 barnehage- skuleborn



## Kva er tilbakemedlinga på kva Tokke kommune kan gjera.

1. Gode kommunale tilbod på barnehage og skule.
  - Barnehagetilbodet på Dalen kan bli betre
  - Grendeskulane blir peika på av enkelte som viktig for deira flytting til kommunen.
2. Gode heimesider til kommunen der ein kan følgje godt med på kva som skjer i kommunen. Dette gjeld utflytte tokkebuarar som luktar på å koma heim.
3. Det ville vera ei fordel om ein kunne finne eit oversyn på nettet, over utleigebustader i kommunen. Private og kommunale.
4. Dersom kommunen hadde raskare tilsettingsprosess av lærarar, kunne ein ha fått "fast fisk" lettare.
5. Velkomstmapper med informasjon om kommunen er sakna.
6. Kommunen har for mange vikarstillingar og mellombels stillingar.



7. Kommunen bør legge meir til rette for friluftsliv. Dette er eit ynskje frå folk som bur/har budd på Dalen.
8. Billig straum er nemnt.
9. Fleire flytter til Tokke p.g.a odelsgutar. Det må vera eit viktig tiltak å motivere odelsjenter til å nytte odelsretten sin.
10. Kommunen kan bli flinkare i høve til folk som vil etablere seg.

### **Andre moment som har kome fram:**

- Relevant arbeid i høve til utdanning
- Kultur- og fritidstilbod
- Kommunikasjon
- Meir næringsvennleg



## Eigne vurderingar:

Når eg har jobba med dette, så står det klart for meg at ein bør jobbe meir på Dalen for å stabilisere folketalet her. Mogleg er her verksemdar som har mykje gjennomtrekk i stillingane sine, men med 64 inn til Dalen og 117 ut så bør det få fokus.

Elles tru eg at det største potensiale framover ligg ved E-134 i Høydalsmo. Samstundes har dette området ei dårleg prognose i høve til born i skulen, slik eg kan sjå. Det er og svake tall når det gjeld unge i etableringsfasen. Ein del flytter til nabokommunane av ulike grunnar. Det er ikkje gjeve noko svar på det.

- Området ute med Shell må ein få fart på.
- Ein bør koma i dialog med dei som har næringsbygg for mogeleg å få til nye verksemdar.

På E- 134 går det 3.000 bilar i døgnet og det er hovudferdselsåra mellom Aust- og Vestland. Ein kan reise til Olslo med buss 3 gonger til dagen. Her må det gjerast noko og farten i prosessar bør opp. Tokke kommunen har ikkje råd til å la potensialet i dette området ligge urørt.